

Til deg som er ny brukar av

GAMLESTOVA BARNEHAGE



Ein ring av gull,
ein veldig stor
med plass til alle hender

Der ingen er størst,
der ingen er minst,
der ingen er først,
der ingen er sist

Vi held fast så alle kjenner
at ringen er smidd av gode
venner

REVIDERT: Juni 2022

LUSTER KOMMUNE
www.oppvekst.luster.no/gamlestova

INNHALDSLISTE

- ❖ Informasjon barnehageåret 2022/2023 s. 3
- ❖ Visjon s. 5
- ❖ Barnehagens verdigrunnlag s. 6
- ❖ Barnehagens styringsdokument s. 8
- ❖ Barnehage og heim – barnet sine to verder s. 9
- ❖ Overgang heim til barnehage s. 10
- ❖ Bringing og henting – to utfordringar s. 11
- ❖ Dagsrytme s. 12
- ❖ Møter for personalet s. 14
- ❖ Informasjon barnets beste s. 14
- ❖ Praktiske opplysningar s. 15
- ❖ Tradisjonar s. 18
- ❖ Nava Jyoti s. 19



VEL MØTT SOM FORELDRE I GAMLESTOVA BARNEHAGE!

INFORMASJON BARNEHAGEÅRET 2022/2023

Mandag 15. august 2022 byrjar eit nytt barnehageår, og det er med glede me tok imot nye barn og foreldre! Her i Gamlestova vil de møte vaksne som alle vil gjere sitt beste for at barna skal få ei god tid i barnehagen, og vi som arbeider her er:

Styrar: Per Rune Joranger, 100%, **Assisterande styrar:** Linda Midtun, 60 %

Personalet er:

Avdeling Loftstova (19 plasser): Inger Helene Flugheim (pedagogisk leiar, 100%), Silje Nornes (barnehagelærer, 100%), Malene Ullebø Svartefoss (barne- og ungdomsarbeider, 100%), Linda Midtun (spes.pedagog 20%), Nils Einar Søhoel (spes.pedagog 100%), Helene Selland (spes.ped assistent 60% → 08.11.22), Lise Berge Rasmussen (spes.pedagog 100% - 08.11.22 →) og Helle Kristin Hillestad (Lærling, 100%).

Avdeling Storestova (18 plasser):

Silje Vinda (ped.leiar, 80%), Kathrine Vikøren Myhre (barnehagelærer/ped.leiar, 80%), Ann Helen Liljedahl (barnehagelærer, 40%), Liv Solbakken (barne- og ungdomsarbeider, 50%) Gerd Høyum (barne- og ungdomsarbeidar, 50 %) og Hans Kristian Midtun Aaberge (Lærling, 100%).

Avdeling Vetlestova (18 plasser):

Janne Melheim (pedagogisk leiar, 100%), Cathrine Nese (barne- og ungdomsarbeidar, 80 %), Anita Lahaug (assistent, 100%) og Janniche Fossøy (barne- og ungdomsarbeidar, 20 %).

Avdeling Stova (18 plasser): Elisabeth Dale Larsen (pedagogisk leiar, 80%),

Eirik Urdal Cirotzki (assistent 100%), Kari Beate S Sviggum (assistent 80%),

Janniche Fossøy (barne- og ungdomsarbeidar, 40 %),

Letu Kumera Bushan (arbeidstrening, 100% - prosjekt ; « Vi inkluderer «),

Fast vikar ; Hildegunn S. Heggstad (assistent, 80%).

På kvar av avdelingane vil de finne detaljert oppslag over kven som jobbar der

De vil også komme til å møte ; Helene Selland, Hanna Lægreid Nes, Silje Vigdal, Kari Beheim Karlsen, Grete Henny Kalhagen, Liv Engeseter, Jane Johannessen, Marita Joranger og eventuelt andre personar som er vikarar eller andre som har studiepraksis hjå oss.

Gamlestova barnehage

Avdeling Loftstova (19 plassar)
Avdeling Storestova (17 plassar)
Avdeling Vetlestova (18 plassar)
Avdeling Stova (18 plassar)

I barnehagen vår har vi fleire ulike plass storleikar. Tilboda til barna vert difor ulike (grad av oppfølging, aktivitetar, turar m.m.), men behova er også ofte ulike for barn med ulik plasstorleik. Barn med 60% plass har vanlegvis mest behov for samleik med andre, medan barn med 80 og 100% plass treng meir utfordringar av ulike slag. Vi vil i samråd med dykk foreldre prøve å gje kvart barn best mogleg oppfølging utifrå rammevilkåra, slik at ditt barn får det godt i Gamlestova.

Ein føresetnad for godt samarbeid mellom barnehage og heim er tovegskommunikasjon der det er rom for å ta opp både positive og negative emner. Å ta opp negative saker er aldri kjekt – korkje for oss i personalet eller dykk foreldre, men det er sjølvstøtt og til naudsynt (me prøver alle å gjere barna sin kvardag best mogleg).

Eit naudsynt utgangspunkt for godt samarbeid er at me kjenner kvarandre og er trygge på kvarandre. Ein måte å verte kjent med kvarandre på er å omtale kvarandre med namn. I barnehagen brukar me førenamn på kvarandre og barna, og det ynskjer me også å gjere i høve til dykk foreldre.

I dette hefte vil de finne mykje informasjon som vil vere lik frå år til år, og som ny brukar av Gamlestova håper vi du finn den informativ.

GODT BARNEHAGEÅR!

Gamlestova barnehage, 15. August 2022

Per Rune Joranger

- Styrar -

VISJON

«MED BARNNA BYGGJER ME FRAMTIDA»

Definisjon: Jobben me gjere for å ruste barna til å møte livet med alle dei utfordringane dei møter på vegen

Barnehagen sitt miljø

- ein god plass å vere for alle
- god start på dagen
- god tid
- prega av omsorg, tryggleik og trivsel (som grunnlag for leik og læring)
- plass for glede, humor og varme (vise godheit, ei hand å holde i)
- vere venner, ta vare på kvarandre
- inkluderande
- akseptere ulikheiter
- ha eit sunt forhold til mat
- prega av empati og respekt

Vaksenrolla

- barnet i sentrum
- kven vier her for
- rollemodellar
- gje dei gode verdjar
- barns medverknad
- sjå det enkelte barnet
- gi ros
- møte ungane der dei er i utvikling og leggje til rette for vidare utvikling
- å gjere barna trygge på seg sjølv (god sjølvtilitt og sjølvkjensle)
- den gode samtalen
- vere raus og romsleg

Barndom

- har eigenverdi med fokus på leik
- la dei få vere barn so lenge som dei kan
- leik, omsorg og respekt
- sosial kompetanse

Nærmiljøet

- berekraftig utvikling
- stolt av nærmiljøet sitt
- respekt for og ta vare på naturen/nærmiljøet
- utforske

Framtid

- vere open for ny teknologi og ta den i bruk
- sosial utjamning (dei som treng oss mest skal få oss mest)
- grunnlag for eit godt liv
- gode medmennesker



DET ER GODT Å VERE AKKURAT MEG, AKKURAT NO, AKKURAT HER

BARNEHAGENS VERDIGRUNNLAG

I barnehagelova §1 Formål står det:

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene».

I rammeplanen (RP) for barnehagen står det:

«Barnehagens verdigrunnlag skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling».

Personalet i Gamlestova har jobba med å utarbeide eit felles verdigrunnlag eller ei felles pedagogisk plattform. Det er sett saman av verdiar som vi vil skal ha betydning for brukarane av Gamlestova barnehage (barna, foreldre og personalet). Dei byggjer på det som står i barnehagelova og rammeplanen. Dei viktigaste verdiane er tryggleik, omsorg og trivsel, og dei skal liggje i botn for all vår drift. Personalet vil at foreldre skal reise frå barnehagen med tryggleik om at barna har det trygt og godt, og at dei trives i eit godt og inkluderande miljø.

Viktige punkt i verdigrunnlaget er:

Barn og barndom

Barnehagen skal anerkjenne og ivareta barndommens eigenverdi. Hjå oss vil det seie at barna må oppleve positive leikemiljø der dei får god tid til å leike. Barna skal få oppleve å vere «her og no» utan for mykje avbrot av vaksne. Vi skal byggje på barna sine interesser og det dei allereie kan, gje dei utfordringar, gode opplevingar, kjensle av meistring, erfare gjennom prøving og feiling, oppleve nytt og få utforske.

Kvart enkelt barn skal kjenne på at han/ho er viktig for gruppa, og kjenne på gleda av å vere ein del av eit fellesskap og få erfaringar med vennskap.

Vi vaksne har eit særleg ansvar med å sjå kvart enkelt barn. Anerkjenning er eit viktig stikkord for personalet. Vi skal anerkjenne det enkelte barn for den det er. Dette gjeld blant anna i høve til utvikling, ulikskapar, føresetnader, barnets gleder og interesser, opplevingar og bli lytta til. Det betyr at barnet skal rett og slett bli anerkjent for den dei er uansett. Det er viktig at dei blir møtt med empati for sjølv å kunne utvikle seg til å bli empatiske. I høve til respekt blir det det same. Barna må bli møtt med respekt for sjølve å respektere andre.

Avslutningsvis på dette punktet kan vi oppsummere at barndommen har ein verdi i seg sjølv. Vi skal ivareta barna, og det er viktig å vere her og no. Barndommen skal ikkje berre vere førebuing til skule og vaksenliv, men ei tid ein skal sjå tilbake på med glede og gode minner.

Demokrati

Samfunnet er i stadig endring. Mangfald og individualisering har auka, og det gir behov for demokratiforståing. I følgje RP skal barnehagen fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli høyrte og delta. I personalgruppa tenkjer vi at medverknad og sjølvstendige val er ein måte å jobbe med demokrati på. Om det er mogleg skal barna sine ønsker bli tekne på alvor. Personalet skal jobbe med bevisstgjerjing rundt valet ein har teke, og det å kunne stå for valet som er gjort. Barna må få oppleve at det er greitt å vere ueinige, og at det kan opplevast på ein god måte. I eit demokratisk fellesskap skal ein kjenne på tilhøyrigheit og samtidig ha respekt

for ulikskapar, religionsfridom og sjå på alle som likeverdige. Deler vi barna i smågrupper er det lettare å sjå alle og vere open og lydhøyr for innspel. Det gir også høve til å vere meir spontan og fleksibel, og dei vaksne må vere løysningsorienterte.

Mangfald og gjensidig respekt

I dette punktet er det respekt for menneskeverdet som har fokus. Barnehagen skal fremje menneskeverdet ved å synleggjere, verdsette og fremje mangfald og gjensidig respekt. Innafor menneskeverd ligg det at alle menneske har lik verdi uavhengig av kven dei er og alle skal anerkjennast for den dei er. Vi skal synleggjere den enkelte sin plass og verdi i fellesskapet.

Mangfaldet skal sjåast på som ressurs for det pedagogiske arbeidet. I det skal vi støtte, styrke og følgje opp mangfaldet vi finn i barnegruppene våre. Personalet har eit viktig arbeid med å vere gode rollemodellar, vere oppteken av å ha respekt og lære bort at alle skal ha respekt for kvarandre. Vidare legg vi vekt på eit godt foreldresamarbeid for også bruke dei som ein ressurs.

Likestilling og likeverd

RP seier at barnehagen skal fremje likeverd og likestilling, og den skal bidra til at barna møter og skapar eit likestilt samfunn. Hjå oss vil dette seie at vi aksepterer og respekterer alle uavhengig av ulikskapar, ulike kulturar, kjønn, etnisitet, religion m.m. Personalet må vere bevisste på haldningane sine og korleis vi opptre saman med barna. Personalet er barnehagen sin viktigaste ressurs og har eit stort ansvar som gode rollemodellar. I barnehagen skal vi bidra til at jenter og gutar får like gode moglegheiter. Dette gjer vi i det praktiske med dei ulike aktivitetane vi legg opp til, og gjennom å vere merksame på korleis vi ordlegg oss.

Berekraftig utvikling

Vi skal ta vare på jorda slik at menneska som lever i dag får dekkja sine grunnleggjande behov utan å øydeleggje for framtidige generasjonar sin sjanse til å dekke sine (RP s. 10). I denne samanheng skal vi vere opptekne av berekraftig utvikling spesielt innafor området natur, men også på økonomiske og sosiale forhold. Vi må ha gode haldningar og verdiar som er i samsvar med viljen og evna til å ta vare på naturen, og lære barna å forstå kvifor og korleis dei gjer det. Vi lyt lære barna at det vi gjer her lokalt, kan ha innverknad på det som skjer globalt.

Livsmeistring og helse

I korthet kan ein seie at barnet skal bli robust nok til å mestre framtida si både fysisk og psykisk. Det blir stilt store krav til dagens barn, og personalet i barnehagen må jobbe for at barna skal kunne møte dette og mestre det på god måte. Det viktigaste vi gjer er å utvikle barn til god sosial fungering, gode kommunikative ferdigheiter og tru på seg sjølv og eigne evner. I tillegg ligg det at barna skal kjenne på meistringskjensle, kunne takle medgang og motgang, lære seg å vere utholdande og kunne stå i det, og samtidig skal dei føle seg sett og godt likt. Barnehagen skal førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever å bli krenka eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp.

I dagens samfunn er det eit større fokus på psykisk helse enn tidlegare. Det er viktig at personalet føler opp dette like godt som den fysiske helsa. Vi skal bidra til at barn trives, opplever livsglede og ei kjensle av eigenverdi. Det skal førebyggjast mot krenkingar og mobbing. Oppstår dette har vi eit ansvar for å handtere, stoppe det og følgje det opp.

Vi vaksne skal vere gode rollemodellar, og vi skal vere støttande for barna i deira utvikling. Vi skal gi ros, hjelpe barna å setje ord på kjenslene sine, dele gleder med dei og byggje opp under trua på seg sjølv.

BARNEHAGENS STYRINGSdokUMENT

I vår drift av barnehagen har vi lover og forskrifter vi må forholde oss til. Det er:

Barnehagelova (17. juni 2005) – Den fortel kva barnehage skal vere, og den ligg i botnen for all drift.

Rammeplan for barnehagen (1. august 2017) – rammeplanen er ei forskrift til barnehagelova. Den gir ei forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av innhaldet i barnehagen.

FN's barnekonvensjon (20. november 1989) – er ein traktat om menneskerettigheitene som handlar om sivile, politiske, økonomiske, sosiale og kulturelle rettigheiter til barn. Gjennom menneskerettigheitene skal ein sikre barnets beste.

Vi skal vere ein psykisk helsefremjande barnehage. I dette arbeidet har vi fokus på fleire artiklar i konvensjonen, og spesielt desse:

Art 3 Barnet sitt beste

Dette skal vere ei god rettesnor for personalet. Vi må stille oss spørsmålet om kva som er barnet sitt beste no. Det er mange vurderingar som må takast med i dei vurderingane. Det som er det beste for barnet på kort sikt, er det det beste på lang sikt? Er barnet sitt beste no, det beste for gruppa eller avdelinga?

Art 12 Barnet sin rett til å gi uttrykk for si meining

Barnet har rett til medverknad på sin barnehagekvardag. I dette ligg det at personalet arbeidar etter følgjande prinsipp:

- *barna skal oppleve at dei er med å påverkar eigen kvardag
- *barna skal verte tekne med på råd, planlegging og vurdering
- *barna skal bli møtt av vaksne som er opne for deira innspel
- *barna skal ha rett til å utfalde seg sjølv, men samtidig lære å ta del i fellesskapet
- *personalet må gripe tak i det barnet er interesserte i DER og DÅ

To sentrale spørsmål er i medverknad er

*Kvifor seie nei, når du kan seie ja.....

*Vi seier ikkje nei før vi veit kvifor vi seier nei og kan begrunne det pedagogisk

Art 31 Kvile og fritid

Vi skal balansere barnet sitt behov for kvile. Personalet må tolke kva barnet signaliserer. Det gjer vi ved å stoppe opp og sjå, lytte og sanse. Vi skal ha med oss tankegangen om barnet sitt beste og av og til kan dette komme i konflikt med føresette sitt ønskje om kvile eller helst ikkje kvile. Då må vi forstå saman og ha eit samarbeid rundt dette.

Lokale vedtekter Luster kommune – Kommunen har utarbeida vedtekter som er med på å regulere barnehagedrifta. Desse vart sist oppdaterte 1. januar 2018.

Barnehagens årsplan – kvart år utarbeider vi årsplan for korleis vi skal arbeide for å ivareta dei overordna styringsdokumenta. Årsplanen gjeld for eit kalenderår. Det vil seie frå 1.1.2021 – 31.12.2021. Vi har to utgåver av den. Det er ein kortversjon som vi deler ut til alle føresette. Den er eit kort utdrag av den større årsplanen vi har. Den store utgåve inneheld mange grunnleggande punkt som vi i personalgruppa skal ha med oss i vårt daglege arbeid i barnehagen. Samtidig inneheld den ein plan for korleis vi skal jobbe med dei ulike fagområda på dei ulike alderstrinna. Årsplanen inneheld også eit årshjul for korleis vi tenkjer oss tema og aktivitetar gjennom året.

Alle desse dokumenta handlar om at vi skal tenkje og handle ut frå barnets beste (art nr 3 i FN's barnekonvensjon). Dokumenta har innverknad på korleis vi skal gjere barnehagetilbodet best mogleg. Du vil finne desse som lenke på heimesida til barnehagen (www.luster.kommune.no) – gå på fana Barn og utdanning, vel barnehage, vel barnehagar i Luster, vel Gamlestova barnehage, vel Gamlestova barnehage si heimeside).

BARNEHAGE OG HEIM – BARNET SINE TO VERDER

Fleire og fleire barn veks opp i ulike miljø, heimen og barnehagen. For dei aller fleste fungerer dette godt, og barnehagen fungerer som eit positivt supplement til heimen. Men vi veit også at dette kan være krevjande for barnet, særleg dersom barnehagen og heimen har ulik praksis. Difor er det så viktig at barnehagen og heimen jobbar tett saman.

Mange barn tilbringer mykje tid i barnehagen, noko som har ført til endringar i høve til tidlegare generasjonar sin oppvekst. For det første er ansvaret for kvart enkelt barn blitt fordelt mellom mange vaksne. For det andre skal barnet sitt liv delast mellom to rom, barnehagen og heimen. Barnet lever saman med to sett vaksne, vi snakkar om at dei vert dobbeltsosialisert.

Dette stiller store krav til barnet. Barnet må være sosialt fleksibelt, det må kunne omstille seg frå heim til barnehage og omvendt, og mellom anna godta at det finst andre reglar og normer heime enn i barnehagen.

I tillegg krev livet i dei to verdene at barnet har kjenslemessig sjølvkontroll, og at det skal kunne utsetje behova sine. «Eg vil til mamma», seier barnet. «Eg høyrer du vil til mamma, og mamma kjem å hentar deg seinare i dag. No skal du vera med meg», seier den vaksne. «Eg vil leika med Hanne», seier barnet heime. «Det kan du gjera i morgon i barnehagen», seier foreldra. Personalet anerkjenner barna sine kjensler. Me møter barnet der dei er og støttar dei.

Vi krev også at barnet skal kunne styre sin naturlege trong til å leve i "nuet". I det moderne familielivet er det vanskeleg å leve i "nuet". Mor og far skal på jobb, og kan ikkje sitje å studere ein snigle som kryp over vegen i ein halvtime, sjølv om det er akkurat det Petter helst vil på måndag morgon.

Om barnet skal kunne meistre å leve i sine to verder, er det nødvendig at dei vaksne – foreldra og dei vaksne i barnehagen støttar og hjelper barnet.

Å HJELPE BARNET I TO VERDER

Dersom barnet skal få hjelp til å leve i desse to verdene, er det viktig at alle involverte vaksne er bevisste på at dei har eit medansvar for barnets barndom.

Dei vaksne som er saman med barnet her og no, har ansvar for omsorga. Ein kan godt seie noko av omsorga er delegert til barnehagen når foreldra er på jobb. Dette treng ikkje være noko problem, så lenge foreldra og dei tilsette i barnehagen kan samarbeide om kva funksjon barnehagen og heimen har. Men dette samarbeidet er avgjerande, slik at begge partar er med på å hjelpe barnet til å oppleve samanhengar i kvardagen- oppleve barndomen som ein heilskap.

Det er ingen tvil om at foreldra er dei viktigaste vaksne i barnet sitt liv. Men når barnet er så mange timar saman med dei tilsette i barnehagen, vil deira haldningar, normer og omsorgsevne prege barnet. Difor er det heilt naudsynt at barnehagen og foreldra har diskusjonar om det grunnleggjande synet på barn og barndom.

OVERGANG HEIM-BARNEHAGE

I følgje RP skal barnehagen i samarbeid med føresette leggje til rett for å at barna kan få ein trygg og god start i barnehage. Våre rutinar for dette er:

Tidspunkt	Aktivitet	Korleis	Mål
Juni	Foreldremøte Invitasjon til besøk for barnet med foreldre Leikegrupper	Kveldstid, kun for føresette til nye barn som byrjar i august Leikegrupper inntil 4 gangar (ein gang i veka) Dagtid – 1 time Er inne på avdelinga med dei andre som skal byrje om hausten, saman med ein frå personalet	Opprette kontakt, bli litt kjende med kvarandre, informere om barnehagen Få kjennskap til avdelingen
August	Oppstart Tilvenning 3 dagar	<p>Dei fleste byrjar 16. august, men det kan bli nokre dagar seinare (kjem an på kor mange nye som byrjar på ei avdeling)</p> <p>1.dag Barnet er saman med foreldre, og primærkontakten er tett på i alt som blir gjort, leik + mat (ca. kl 9.30 -12.30)</p> <p>2.dag Barnet er saman med foreldre. Personalet er med barnet, foreldre er meir passive, men er i same rom som barnet - leik + mat + evt soving/kviling (foreldre legg barnet), ca 4 timar</p> <p>3.dag Barnet er saman med personalet, foreldre held seg i bakgrunn (i garderoben) , leik + mat + evt. soving /kviling, ca 6 timar</p> <p>Oppsettet over er rettleiande. Det blir teke individuelle behov i oppstarten. Det kan vere at nokre treng lenger tid.</p>	Bli trygg God trivsel
September	Foreldremøte	Felles møte for alle i barnehagen. Ofte ein felles del for alle i starten, og so avsluttar vi avdelingsvis	Informasjon om oppstarten, avdeling og planar vidare
Oktober	Foreldresamtale	30 minutt individuell samtale	Samtale om korleis det går i bhgen, og bhg får høyre kva forventingar de som foreldre har

Det er stor overgang for barn å byrje i barnehagen. Den første tida, august og kanskje langt inn i september, brukar vi på tilknytning. Vi jobbar for at barna skal bli vant til å vere i barnehagen. Både føresette og barnehagen har ansvar for å dette skal bli bra. Det er viktig med god dialog mellom partane. Det er også viktig at de føresatte spør om det er noko de lurer på. Vi har skissert eit opplegg som går over tre dagar. Mange barn treng lenger tid. Det kan kanskje vere lurt å ha ekstra dagar tilgjengeleg (at ein sparar litt av permisjonen eller av feriedagane). Dette for å kunne ha god oppfølging av barnet ditt i oppstarten. Nokre barn startar til andre tidspunkt enn i august, og dette vil gjelde for dei og.

BRINGING OG HENTING - TO UTFORDRINGAR

Etter den naudsynte, men ofte slitsame tilknytningstida er det først og fremst to situasjonar i løpet av barnehagedagen der foreldra er direkte involvert: ved bringing og henting. Begge situasjonane kan være utfordrande for barn og vaksne.

BRINGING

Vår barnehage praktiserer ei kontaktperson-ordning, det vil seie at ein bestemt vaksen (primærkontakten), har hovudansvaret for sitt barn. (Sjå side s. 15 primærkontakt) Men sjølv om barnet er vorte kjend med denne assistenten / fagarbeidaren eller barnehagelæraren, er det ikkje alltid prosessen går smertefritt. Det er ikkje alltid primærkontakten er tilstades ved bringing og henting. Her er nokre køyrereglar for en god bringing:

- Foreldra og den tilsette skal være einige om når det er rett å ta avskjed
- Det er viktig å vinke og ta farvel. Barnet skal være klar over at foreldre går, dei skal ikkje forsvinne i det stille. Det kan skape usikkerheit.
- Av og til vil avskjeden føregå med gråt. At foreldra då kan føle seg ulukkelege, er naturleg og normalt. Snakk med dei tilsette og med kvarandre om dette!
- Om du som foreldre er uroleg, gjer ein avtale med barnehagen om at du kan ringe / sende melding og høyre korleis det går. Barnehagen ringjer alltid om det er noko med ditt barn!

Det er ikkje alltid me kan møte i garderoben om morgonen.

Det er difor viktig at de fylgjer barnet inn, slik at ein vaksen får teke imot.

HENTING

Mange foreldre vert overraska over at hentinga av barnet kan skape like store utfordringar som bringinga; at barnet ikkje vil gå heim, og i alle fall ikkje akkurat no! Dette er ikkje uvanleg. Også her er det barnet sine to verder som støyter saman.

- Når de hentar barnet; hugs at de kjem frå kvar dykkar kvardag. Du veit ikkje kva barnet har opplevd, barnet veit ikkje kva du har opplevd. Er de svoltne eller slitne, lei dykk, oppstemte eller glade? Møt barnet der og då, finn ut kvar barnet er akkurat no.
- Møt barnet med ope sinn. Ikkje vent at det kan svare på alle spørsmåla du har. La auge og kroppsspråk fortelje.
- Prøv å ikkje la hentinga bli ein stressituasjon. Lat barnet få tid til å omstille seg til at det skal heim.
- Sørg for å ha diskutert også hentinga med personalet i barnehagen. Korleis tenkjer dei om dette? Er det OK at barnet leiker ferdig mens foreldra ventar?

Hugs at ikkje berre du, men også barnet har hatt ein strevsam dag. Ein litt sutrete retrett frå barnehagen kan vere ganske naturleg.

DAGSRYTME

Kl. 07:30

BARNEHAGEN OPNAR

Dei som ynskjer det kan ta med frukost og ete i barnehagen. Dei får drikke Frileik inne.

Ca. kl. 9:30

Frileik inne/ute, sangstund/samlingstund
Eventuell tilrettelagt aktivitet eller tur (felles eller i grupper)

Ca. kl. 11:00

Me går inn, kler av og vaskar hender.

Ca. kl. 11:15

Hovudmåltid.

Etter mat får dei som brukar bleie skifta denne (elles på dagen etter behov).
Soving, kvilestund, lesestund eller frileik.

Ca. kl. 14:00

Fruktmåltid.

Resten av dagen har vi leik ute eller inne.

Kl. 16:30

Barnehagen stengjer

Dagsrytmen er rettleiande og varierer litt mellom avdelingane, og dei minste følj sin eigen rytme. Soving/kviling, stell og måltid styrer mykje av dei yngste sin dag.



PORTANE

Portane i barnehagen skal til ei kvar tid vere lukka. **Ikkje** la ungane lære seg å opne/lukke porten!

REGISTRERING AV BARN INN OG UT AV BARNEHAGEN

For oss i barnehagen er det naudsynt å ha eit system som sikrar at vi til ei kvar tid har oversikt på tal barn. Vi nyttar app'en Visma – min barnehage til dette, og registreringa skjer på mobiltelefonen til avdelinga.

HENTING

Gje barnehagen beskjed om andre enn de foreldre skal hente. I utgangspunktet har ikkje barnehagen lov til å gje ut borna til andre enn dykk. (Faste ordningar må vere skriftlege).

FRÅVÆR (FRI ELLER SJKDOM)

Det er fint med beskjed så raskt som mogleg om barnet skal ha fri, kjem seinare eller er sjuk. Samling, aktivitetar og turar startar ofte kl. 9.30.

MÅNADSPLAN OG INFORMASJON

Det blir sendt ut månadsplan og informasjon på visma og i facebookgruppa til den aktuelle avdelingar til alle.

Det blir også hengt opp på tavla på avdelinga.

VEKEPLAN

Det blir hengt opp vekeplan på oppslagstavla. Her er det meir detaljert informasjon om kven som skal gjere kva.

FACEBOOK

Kvar avdeling har si lukka facebookgruppe. Her blir det lagt ut bilde og tekst. I dei lukka gruppene for avdelingane legg ein og inn informasjon og månadsplan. Det er kanskje og nokre som legg ut vekeplanen. Det er og ein felles gruppe for heile barnehagen.

SAMARBEID MELLOM AVDELINGANE

Samarbeid er viktig for å få ein velfungerande barnehage for små og store. Med godt samarbeid gjer vi kvardagen mindre personavhengig for barna (t.d fråvær blant personalet vert mindre merkbart når barnet kjenner alle dei vaksne i barnehagen). I feriar og på sommaren kan avdelingar blir samanslegne. Vi har barn som er fødte same år på fleire avdelingar, og det kan vere viktig at dei treffes og har tid saman.

* Målet ved eit evt samarbeidet er:

- alle som er i barnehagen skal få kjennskap og bli trygge på kvarandre, både barn og vaksne
- barna skal bli kjende med andre avdelingar
- modellæring (vi vaksne er modellar for barna, store barn er modellar for yngre barn)
- barna lærar kvarandre å vise omsorg
- barnehagen skal fungere som ei eining, ikkje fire avdelingar
- bli kjent med alle på same alderstrinn (Solgruppa)

* Nokre arbeidsmåtar vi brukar:

- besøke andre avdelingar
- ein del felles aktivitetar t.d turar, samlingstund og måltid
- dei eldste hjelper dei yngste (omsorgspersonar)
- aldersinndelte smågrupper

MØTER FOR PERSONALET

PEDAGOGISK LEIAR MØTE

Dei pedagogiske leiarane på kvar avdelinga har møte annakvar veke.

PERSONALMØTE

Det er ein gang i månaden. Her deltek alle av personalet i meir enn 50% stilling.

PLANLEGGINGSDAGAR

5 dagar gjennom barnehageåret.

TEIEPLIKT

Personalet har teieplikt. Dette betyr at personalet ikkje kan snakke om eller gi opplysningar angående eit barn i barnehagen. Det gjeld opplysningar av privat karakter om barn og heimen, og det gjeld og andre ansatte til utanforstående.

INFORMASJON – BARNETS BESTE

SJUKDOM

I barnehagen er det stor aktivitet heile dagen. Små barn klarer ikkje å rasjonalisere på kreftene. Dei er med 100% heile tida, sjølv om dei er i dårleg form. Resultatet er "barn med kort lunte"

Å gå i barnehagen krev at barnet har krefter til å kunne delta i lek og vere med på dei ulike aktivitetane/rutinane som er i løpet av ein dag. Vår erfaring er at allmenntilstanden hos barnet er ein god indikasjon på kva form barnet er i. Er barnet sutrete, trøtt har uvanleg avføring eller et lite? Har ein eit barn i slik form, kan det vere lurt å investere ein dag heime for å sjå om det betrar seg.

Vi sender heim barn som har oppkast, diare, feber eller har andre former for / symptom på sjukdom. Når det gjeld oppkast og diare henviser vi til legeskiv (Knut Cotta Schønberg) om 48 timars regel (etter symptom fri).

Sjuka og smitteførande barn skal haldast heime, då dei treng ekstra omsorg og pleie av sine nærmaste. I tilfelle der ein er i tvil, er regelen at ein skal tåle ein vanleg barnehagedag inkludert utetid.

For meir informasjon, sjå www.gamlestova-bhg.no, overskrifta "Heim - Barnehage" og klikk på "sjuka barn" (då kjem gjeldande rutine for barnehagane i Luster kommune).

BARN OG VANSKELEGE SITUASJONAR

Barna kan oppleve vanskelege situasjonar som t.d dødsfall i nær familie eller samlivsbrot. I desse situasjonane er barna sårbare og det er viktig at barnehagen får informasjon om dette for å ivareta barnet på ein god måte.

PRAKTISKE OPPLYSNINGAR

Klede i barnehagen - kva kan vera lurt å ha med seg i barnehagen

Sko

Joggesko, støvlar, vintersko og dockboots el. cherrox .

Regntøy og vinterdress

Ull

Bukse, gensar og sokkar, eventuelt flekke (bukse & gensar).

Innesko

Tøfler, sandalar eller joggesko.

Hue, vottar og regnvottar

Ekstra skift

Ekstra skift med klede om barna blir våte. Her bør barna ha minst eit sett klede, og 2 sett med hue, vottar og regnvottar.

Drikkeflaske

Arveklær i god kvalitet

Og husk at dersom ein har to eller fleire barn med forskjellig kjønn, er det ingen ting i vegen for at dei kan arve klær etter kvarandre.

Bleier

Når der byrjar å minke på bleiene, sender vi melding på Visma og/eller heng vi opp lapp om at det trengs påfyll.

Merking


Merk alle kle og sko. Skriv initialane til barnet på kleda. Det er nok til at personalet finn ut rett eigar.

Vi vil ikkje at barna brukar skjerf i barnehagen. Bruk heller «halshue» eller hals (buff).

Ved mangel av kle, brukar vi lappar der vi skriv kva som manglar. Dette er meint som ein hugselapp.



KLE OG SKO FOR AKTIV LEIK INNE -OG UTE I BARNEHAGEN.



PRIMÆRKONTAKT

I barnehagen vår har VI primærkontaktordning. Målsetjing med ordninga er å sikre det ein skilde barn og foreldre individuell merksemd, omsorg og oppfølging. Kvar barn får ein vaksen i personalgruppa som sin primærkontakt. Me vil med dette sikre at kvart barn sine behov vert sett av minst ein vaksen i barnehagen. Primærkontakten er ikkje alltid er til stades. Dette kan vere på grunn av delte stillingar, sjukdom, ferie o.a. Personalet arbeider elles 7,5 timar for dagen (barnehagelærer/pedagogisk leiar 6,75 t.) i eit vaktssystem, så det er ikkje sikkert at dette passar inn med når du skal bringe og hente ditt barn.

GEBURSDAGSFEIRING

Dagen vert feira med ekstra merksemd på barnet. Det er litt ulikt kva som blir gjort på dei ulike avdelingane. Fleire avdelingar følgjer denne malen:

Me flaggar for bursdagsbarnet. Vidare kan barnet bestemme kva som skal skje i samling (får krone i samlinga), får eigen gebursdagskopp og fat ved måltidet, og velje kva ein skal ete til måltidet eller fruktmåltidet. Tidspunktet kan variere ut frå kva som er best for barnet og avdelinga. Barnet kan velje mellom fruktfat, grove vafler, pannekaker eller smoothie. Som eit minne frå dagen lagar nokre avdelingar eit kort med bilder og tekst til barnet.

NB:

Me ynskjer at det **IKKJE** vert delt ut invitasjonar for gebursdagsselskap i barnehagen. Gebursdagsfeiring er noko små barn set svært høgt, og mange ser det som ei ære å få komme i gebursdag til kvarandre. Stundom skjer det at enkelte ikkje vert invitert i selskap, og desse opplever gjerne dette som svært sårt når dei opplever at andre får komme. Vårt store ønskje er at ein ber alle av same kjønn i same aldersgruppe på avdelinga.

GYMSALEN

Gymsalen på Hafslo skule vil verte brukt periodevis utover året, men helst om vinteren. Me vil der drive ulike fysiske aktivitetar og sansemotoriske opplegg. For **barnehageåret 2021-2022** har vi me fått tildelt : **Tysdag 8.30 – 11.50, i oddetalsveker** 😊

TURKASSE

Nokre avdelingar krev inn turpengar som barna skal få reise på tur for (buss). Det er opp til avdelingane og er mest aktuelt for avdelingane med dei eldste ungane. Vi har hatt følgjande satsar:

Satsar (fastsett av foreldrerådet 04.10.05):

Over 4 år:		Under 4 år:	
80 og 100% plass:	Kr 250,-	80 og 100% plass:	Kr 200,-
60% plass:	Kr 200,-	60% plass:	Kr 150,-

Om dette blir aktuelt for ditt barn på ei av avdelingane får de eigen informasjon om det.

ERKLÆRINGSSKJEMA

Ved oppstart i barnehagen fyller ein ut eit erklæringsskjema. Her gir ein kontaktopplysningar til foreldra til barnehagen. Har barnet nokre vanskar som sjukdommar el allergiar fyller ein inn det. Gjennom dette skjemaet gir ein og løyve eller ikkje løyve til bruk av buss, privatbil, bilder, filmopptak etc.

I starten av barnehageåret blir det levert ut lapp der de skriv på kven som har løyve til å hente barnet dykkar.

TRADISJONAR

Etterkvart har barnehagen fått ein del aktivitetar som vi må seie har vorte tradisjonar:

FORELDREKAFFI / FORELDREMIDDAG / FORELDREFRUKOST

Desse ulike aktivitetane vil de bli inviterte til i løpet av barnehageåret. Tidspunktet er opp til kvar enkelt avdeling.

ADVENT

Ein dag i adventstida kjem presten på besøk. Presten held ei kort juleforteljing for ungane, me syng julesongar saman og et lunsj. Det er mogleg å reservere seg for å delta her.

LUCIAFEIRING

Solgruppa på Loftstova har fast opplegg saman med Solgruppa i Hafslo barnehage der dei går i luciastog på omsorgsenteret. Her går dei tog, med Lucia og Stjernegut fremst, og syng julesanger til dei eldre etter toget. Solgruppa tek seg og ein runde rundt til dei andre avdelingane.

NISSEFEST I BARNEHAGEN

Denne dagen kler vi oss ut som nissar, og det kan hende julenissen kjem på besøk med overrasking til barna. Denne festen er for dei som har dag.

JULETREFEST

I kvar adventstid inviterer foreldrerådet til juletrefest for alle (barn, sysken, foreldre og evt besteforeldre).

UTKLEDNINGSDAG

I løpet av karnevalsperioden (februar/mars) har me ein dag der vi kler oss ut, og der me har nokre leikar og kosar oss med noko ekstra godt å ete. Denne er for dei som har dag.

PÅSKELUNSJ

Alle i barnehagen har felles samlingsstund og lunsj avdelingsvis rett før påske og får besøk av påskeharen.

KYRKJEBESØK

I samband med påske er vi på besøk i kyrkja. Presten viser oss og snakkar om ulike deler i kyrkja. Det er mogleg å reservere seg for å delta her.

17. MAI – MARKERING

Siste kvardag før 17. mai går barnehagen i tog og øver på 17. mai rop og å bere barnehagefana. Vi gledar dei eldre på omsorgsenteret med besøk og song.

SOMMARFEST

Avslutningsfest for barn, foreldre og personale. Denne er det foreldrerådet som arrangerer i juni.

NAVA JOYTI

Barnehagen driv med sosialt entreprenørskap, ein tradisjon vi har hatt sidan midten av 90tallet. Heile tida har vi støtta ein barnehage/skule i Kolkata, India, gjennom ein organisasjon kalla ISSA (The Indian Society for Sponsorship and adoption). Denne er leia av Irene Figenschou, og midlane vi samlar inn går uavkorta til barnehagen (Nava Jyoti). Midlane vert der brukt til løn til lærarar, mat, skuleuniformer og kostnader som er knytt til bygningsmassen.

Som ein takk for stønaden mottek vi jamnleg brev med bilete om livet i barnehagen, samt rekneskap for kvart år. For tida har Nava Jyoti omlag 80 born.

Slik samlar me inn pengar til Nava Jyoti gjennom:

- 1 FORELDREMIDDAGAR / FORELDREFRUKOST : 1 i halvåret per avdeling
- 2 TURMARSJ med foreldre og barn i september. Startkontigent. Kafe etterpå.
- 3 LYN-LOTTERI: Siste torsdag før påske på Buene og på sommarfesten i barnehagen
- 4 Alle avdelingane innfører OMVENDT JULEKALENDER
- 5 INDISK AFTEN på første personalmøtet i 2021. Her tenkjer vi oss at vi sjølve lagar oss Indisk mat som vi sel til oss sjølve til rimeleg "restaurantpris" og gjev overskotet til NJ.

Prosjektet/tiltaka har som mål:

- Å ha barn frå andre kulturar (Nava Jyoti) som tema gjennom heile året.
- Samle inn pengar til Nava Jyoti
- Samarbeidet vårt med Nava Jyoti skal i større grad prege barnehagen vår, slik at borna våre aukar forståelsen og kompetansen sin om framande kulturar.
- Å lære borna at dei med sin innsats kan skape verdier og inntekter på ulike måtar

Sentralt i prosjektet er som nemnt å auke forståelsen og kompetansen sin om framande kulturar.

Det er frivillig om og kor mykje ein vil gi til Nava Jyoti ved dei ulike arrangementa vi har.

India sitt flagg:

